



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune v/ Lyder Leithaug  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200800/178	Dok.nr. 48
16 APR. 2010	
Arkivnr. 17152	Saksh. LYOLEX
Eksp.	
U.off.	

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2010/078983-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.04.2010

### VS: Søknad om dispensasjon avstand til vegmidte på fylkesveg 57

Vi viser til Dykkar søknad av 13.04.10 om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 57 for oppføring av mellombels uisolert hall i ein avstand på ca. 15 meter frå senterlinja til vegen.

Det vert søkt om ein mellombels dispensasjon i inntil 5 år. Eigedomen til Knarvik Vidaregåande skule ligg i eit regulert område. Søknaden skal då handsamast etter Plan- og bygningslova der kommunen skal fatte vedtak om dispensasjon frå vedteken plan. Statens vegvesen skal i slike saker gje formell uttale til søknaden.

Normalt er Statens vegvesen kritisk til å gje mellombels dispensasjon for så lang tid. Vi har vurdert dei faktiske forholda på staden og kome til at vi likevel vil kunne akseptere at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Lindås kommune, Arealbruk, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5845 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Hordaland Fylkeskommune  
Att. Lyder Leithaug  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 200800178 Dok.nr. 52

17 JUN 2010

Arkivnr 171.52 Saksh. LYDER

Eksp.

U.off.

Dykkar ref.

Vår ref.  
2010/936 - 0 -  
16005/2010

Arkivkode:

185/262

Sakshandsamar:

Benjamin Hicks

Telefon

56375000

Dato:

11.06.2010

*Delegert sak*

### Rammeløyve - mellombels lager/produksjonshall - Gbnr. 185/62.

Vi viser til søknad om rammeløyve, motteke 14.05.2010 og seinare innsendte dokument.  
Vedlegg:

- teikningar
- situasjonsplan
- søknad om ansvarsrett
- søknad om dispensasjon.datert 12.05.2010
- vedtak frå Statens vegvesen

### Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld rammeløyve for oppføring av mellombels lager/produksjonshall med bra på 200 m<sup>2</sup>. Kontrollklæring for prosjektering er ikkje sendt inn. Tiltaket er i strid med reguleringsplanen for riksveg 57. Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen. Statens vegvesen har akseptert at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt i inntil 5 år.

### Dispensasjon.

Tiltaket er ein mellombels konstruksjon for å kunne lagre tørt materialar for skuleklassar. Grunngeving som er gjeve for å gje dispensasjon er at "aktuell tomt er delvis planert, og er einaste aktuelle stad for skulen til dette føremålet, grunna nærleik til skulen og kostnader som vert for store om ein vil etablere nytt planert område.

Administrasjonen ser på tiltaket som ein naudsynt del av skulen si verksemd. Tiltaket er mellombels. Statens vegvesen har gjeve løyve til tiltaket for inntil 5 år. Lindås kommune vil såleis kunne godkjenne bygget med omsøkte plassering i inntil 5 år. Bygningen skal fjernast ved utløpet av 5 års perioden.

### Nabovarsel.

Det er gjeve fritak for varsling av naboar.

### Estetikk.

Arealet ligg på eit mindre høgdedrag, og det kan sjå ut som at det omsøkte bygget vil verta liggjande eksponert. Mellom bygget og riksvegen ligg det eit grønt belt som vil vera med på å dempe denne verknaden. Tiltaket vert å godkjenne då den er mellombels.



### Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr.	11.400
Tilleggsgebyr. Middels	2.400
Dispensasjon	5.200
<b>SUM</b>	<b>19.000</b>

### **Vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå føresegnene slik at bygget kan verte oppført. Dispensasjonen gjeld fram til 11.06.2015. Dispensasjon vert gjeve på bakgrunn at tiltaket ikkje vil føre til endra arealdisponering og ikkje gå ut over dei omsyn som byggjegrensa mot riksvegen skal ivareta. Det kan ikkje påreknast at det seinare vert gjeve fleire dispensasjonar utover det som her vert gjeve.

Søknaden om rammeløyve etter plan- og bygningslova § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar og på følgjande vilkår :

1. Samtykkje frå arbeidstilsynet må sendast inn før igangsetting.
2. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før det er gjeve igangsetjingsløyve.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

### Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK		Hordaland Fylkeskommune
PRO/KPR	Arkitektur, T2	Hordaland Fylkeskommune

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Benjamin Hicks  
rådgjevar



D-1



- Måle Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmåle grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Vanningshus
- Sørre busstader
- Hytte/feriehús
- Garasjer/hús
- Industri/lager
- Andre bygg

Belleggenhet og høvder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune  
Geodata avdeling

Regplan

Dato: 2010.02.18  
Sjfn: lve

Kvarvik Videregående



Målestokk  
1:1000

Rev.	Rev. gjeld.	Dato.	Sjfn.
------	-------------	-------	-------

Prosjekt: HALL, KNARVIK VGS  
Gnr. 185 Bnr 262

Sjfn: Plan, snitt og fasader  
Tegningsnr.: 2208-13-01  
Målestokk: 1:1000  
Dato: 24/3  
Rev: 2010

Tegning nr. D-1

HORDALAND FYLKESKommUNE  
EIGEDOMSSEKSJONEN  
5020 BERGEN